

Holmedal montessoriforeining/Holmedal montessoriskule

Årsmelding for 2007

Holmedal montessoriskule har vore i vanleg drift heile kalenderåret. Tilsette har vore: rektor: Kirsten Råheim. Lærarar: Eirin Hegrenes, Olga Ask, Oddveig Lyngstad, Øyvind Selvik (musikk, deltid). Assistentar: Synnøve Krogenes og Ann Mari Søreide. Kontormedarbeidar: Tove Vadøy. Reinhaldar: Synnøve Krogenes. På årsmøtet i 2007 vart vedtekten endra slik at skulestyret og foreningsstyret blei slått saman. Styret har vore: Gaute Losnegård (leiar), Nina Rivedal, Kari Ness, Arnar Itland (foreldrerepresentant) og Torill Olset (foreldrerepresentant). Vara: Oddveig Lyngstad og Jan Åge Nilsen. Representant for pedagogisk personale i styret har vore Eirin Hegrenes. Valnemnd: Jostein Grane og Irene Osland.

Elevtalet var 29 ved årsskiftet 2006/07. Om hausten melde det seg 3 førsteklassingar mens det gjekk ut to frå 7. klasse, og i tillegg kom ein ekstra elev, slik at elevtalet kom opp i 31. Både skuleåret 2006/07 og 2007/08 har skulen vore delt i to slik at 1.-3. klasse utgjorde gruppe 1 og 4.-7. klasse i gruppe 2.

Skulen fekk i april melding om ønskje frå kommunen om ei overdraging av bygget, og var på eit møte med rådmannen om dette. Styret la fram ønskje om å få behalde den avtalen vi har i dag om leige av bygget. Dette har det ikkje kome noko tilbakemelding på. Styret har elles inngått avtale med Jens Helgheim om å halde fram med leige av arealet hans rundt skulen, til same vilkår og pris som kommunen har hatt, men på eitt års oppseiing.

Skulen fekk pålegg om utskifting av PCB-haldige lysarmatur før utgangen av 2007. Dette arbeidet er utført av Holmedal Elektriske. Elles fekk vi fullført arbeidet med dissestativ rett før sommarferien. Det er også måla ein del utvendig på gamleskulen, taket på mellombygget er fullført, og det er installert markiser. Frå Fylkesmannen i Hordaland fekk vi overta fem brukte PC-ar, og lærarane har fått eigne nye berbare PC-ar. Golva er blitt bona, med unntak av gymsalen.

Skulen har hatt avtale med Vital om pensjonsforsikring, men selskapet har diverre ikkje følgt opp når vi har henvendt oss dit med nye tilsette m. m. Styret har difor overført forsikringa til Gjensidige.

Det store dognadsprosjektet i 2007 var oppsetjing av ballbinge. Eirin Hegrenes har hatt hand om papirarbeidet og med å skaffe sponsorar. Jan Åge Nilsen har leia dognadsgjengen. 18. august vart ballbingen høgtideleg opna med folkefest og snorklipping.

I september hadde Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tilsyn ved skulen som galdt system- og økonomikrav. Styret vedtok i samband med dette å setje i verk system for interne kvalitetsvurderingar, og har vedteke arbeidsinstruks og delegasjonsreglement for dagleg leiar (rektor). Skulen fekk eitt avvik, som galdt at skulen og montessoriforeininga har felles styre og felles økonomi.

Styreleiar og rektor har vore på eitt skuleleiarmøte i regi av Norsk Montessoriforbund. Styreleiar har også vore på brannvernkurs.

8. desember blei det stelt til julemarknad i regi av skulen. Elevane hadde laga mykje fint som vart selt på denne marknaden, som var godt besøkt.

Skulen har elles drive informasjon gjennom sine eigne heimesider på domenet www.holmedalmontessoriskule.no Per 9. mars 2008 har nettstaden hatt 43 000 treff og vore besøkt av over 1 000 unike brukarmaskiner.

For styret i Holmedal montessoriforeining/skulestyret

Gaute Losnegård
leiar